

Referat Campusmøte, campus Stord

Dato: 03.06.2025

Tid: kl. 09:00-12:00

Stad: Børtveit skule

Til stades: Sigurd Sandvold (møteleiar), Monica Wammen Nortvedt, Kirsti Aksnes, Oda Nordfonn.

Forfall: Malin Dalland, Inger Christin Hystad Barane, Øyvind Midtbø Berge.

Referent: Kajsa Nordström

Sakliste:

Sak	Tittel
1/25	Velkommen til gamle og nye medlemmer
2/25	Tidlegare arbeid med campusutvikling ved Sigurd Sandvold
3/25	Kva blir gjort på dei andre campusane ved Monica Wammen Nortvedt
4/25	Diskusjon - visjon campus Stord
5/25	Oppsummering og vegen vidare

1/25 Velkommen til gamle og nye medlemmer

Leiar av campusmøte, Sigurd Sandvold, opna campusmøte og helsa gamle og nye medlemmer av campusmøte velkommen. Dagens program og formål med møte vart presentert. Dagens campusmøte er sett opp som ein workshop, og derav få saker på sakliste.

2/25 Tidlegare arbeid med campusutvikling

Sigurd Sandvold fortalde om campusutviklingsprosjektet som starta i 2019/2020 der Stord var først ut. Det vart halde ein campusworkshop juni 2020, der temaet hav vart det temaet som vart valt. Dessverre har denne tematikken fått lite feste blant fagmiljøa på campus.

- Campusutviklingsrapporten for campus Stord vart ferdigstilt våren 2021.
- Campusmøte vart oppretta på alle campusar i etterkant av campusutviklingsprosjektet og er eit av dei foruma på campus som blir brukte til å arbeida med campusutvikling.

Sigurd Sandvold tok ein gjennomgang av mandatet for campusmøte.

3/25 Kva blir gjort på dei andre campusane

Monica Wammen Nordtveit tok ein gjennomgang om kva dei andre campusane jobbar med. I Haugesund er det sikkerheit som har peiket seg ut som eit område å jobba vidare med. I Bergen blir det jobba med å bygga eit makar space og ein ser på dette med mangfald og innovasjon på tvers av fagområde. I Førde er det ein kombinasjon av robotikk og digital helse som ein ønsker å jobba vidare med og i Sogndal er aktiv læring ein tematikk som peiker seg ut.

4/25 Diskusjon - visjon campus Stord

Campusmøte vart samde om at det er ønskeleg å bygga ei merkevare for campus Stord, men at det òg er utfordrande å finna noko som alle på campus kan identifisera seg med. Campus Stord er ein liten campus der merkevara «tett på» framleis kjenneteiknar campus og noko som fagmiljøa framleis får gode tilbakemeldingar på (ref. BLU studentane er dei mest fornøgde i landet). Fagmiljøa er gode til å samarbeida på tvers internt i fakulteta, men har få møtesarenaer på tvers av fakultet. Barn, og unge, berekraft er tematikkar som tidlegare har vorte diskutert i campusmøte, psykisk helse er ein interessant tematikk som også vart diskutert i møte.

5/25 Oppsummering og vegen vidare

Campusmøte vart samde om at det er ønskeleg å få til ein workshop med litt fleire representantar frå kvart fakultet for å finna eit eller fleire området som kan jobbast med på tvers av fakultet.

Workshopen bør resultera i eit ope stor(d)møte for å auka forankringa for valt tema.

Sigurd Sandvold og Monica Wammen Nortvedt legg fram forslaget i leiargruppene sine. Kirsti Aksnes og Oda Karin Nordfonn tar ansvar for å finna ein dato for workshop i september